

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 03.11.2017  
Vår ref.: 2014/673-354  
Saksbehandlar: eliwarr  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Kulturminnekompetanse i kommunane og kulturminneplaner - Invitasjon til samarbeid og utlysning av midlar for 2018

Hordaland fylkeskommune viser til pågåande prosjekt om kulturminnekompetanse og kulturminneplanar i Hordaland (KIK). Prosjektet er resultat av ei nasjonale satsing i regi av Riksantikvaren og Hordaland fylkeskommune. I 2013 vedtok Fylkesutvalet målet om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. Staten og Hordaland fylkeskommunen har gitt økonomisk støtte til arbeid med kulturminneplaner i kommunane.

Prosjektet har særleg fokus på kulturminneplanar og legg opp til samarbeid mellom kommunane, fylkeskommunen, musea og friviljuge i heile planprosessen:

### Jondal og Modalen kan søke i 2018

Mange kommunar i Hordaland har alt fått midlar frå Riksantikvaren. Kommunane Jondal og Modalen har fått økonomisk støtte frå fylkeskommunen i arbeidet, men har ikkje fått midlar frå Riksantikvaren. Vi viser til vedlagt brev frå Riksantikvaren og oppfordrar dykk til å søke midlar i 2018.

### Status for kulturminneplanar i Hordaland:

Pr. desember 2017 er status for kulturminneplanarbeidet i Hordaland følgjande:

6	Kommunar med vedteken kulturminneplan (årstal)	Austevoll (2016) Fitjar (2015), Granvin (2017), Modalen (2000), Odda (2016), Samnanger (2013), Sund (2017), Sveio (2015), Vaksdal (2015)
21	Kommunar som har starta arbeid med kulturminneplan (*sendt plan på høyring)	Askøy, Austrheim, Bergen, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Meland, Os, Osterøy, Radøy*, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Øygarden
6	Kommune som har starta rullering av kulturminneplan (årstal vedtatt plan)	Fusa (1998), Jondal (2009), Lindås (2011), Masfjorden (2009), Stord (2009), Voss (2004)

For meir informasjon, sjå prosjektet si nettside:

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminneplan/>

Til bruk i prosjektet har Riksantikvaren utarbeidd ei handbok i registrering av kulturminne, rettleiar for verdivurdering og utarbeiding av kulturminneplanar, og rettleiar for forvaltning av kulturminne, kulturmiljø og -landskap. For meir informasjon sjå Riksantikvaren sin nettstad:

<http://www.ra.no/Prosjekter/Kulturminne-i-kommunen>

## Søknad om tilskot - Retningslinjer

I 2018 er det høve til å søkje tilskot til delfinansiering av planarbeidet.

### *Kven kan søkje:*

Jondal og Modalen kommunar

### *Kva kan ein søkje om:*

Midlar til rullering eller revidering av kulturminneplan

### *Søknaden må innehalde:*

- a. Kortfatta prosjektskildring som omfattar organisering av arbeidet i kommunen, framdrift, budsjett og finansiering av arbeidet fram til vedtatt plan.
- b. Opplysingar om korleis planarbeidet er forankra (i gjeldande planstrategi eller i politisk vedtak om å utarbeide kulturminneplan).

### *Handsaming av søknadene:*

Søknadsfrist for kommunane er **10. januar 2018**. Søknad sendast til Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune koordinerer søknadene frå kommunane og sender felles søknad til Riksantikvaren innan 15. januar 2018.

### *Andre vilkår:*

Det er eit vilkår for tilskot at prioriterte kulturminne i kulturminneplanen vert gjort tilgjengelege i kulturminnedatabasen Askeladden og at det leverast ein årleg rapport om gjennomført arbeid.

### **Send søknad til:**

Hordaland fylkeskommune,  
Kultur- og idrettsavdelinga,  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Eller epost - [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Send kopi av søknaden til [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no)

### **Søknadsfrist: 10. Januar 2018**

Kontakt i Hordaland fylkeskommune: Elizabeth Warren - [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no) – 95895468

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Elizabeth Warren  
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Invitasjon frå Riksantikvaren

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*